

---

**Fra:** Maria Færø <maria.faero@hotmail.com>  
**Sendt:** 17. februar 2020 21:27  
**Til:** Sara Sekkingstad; Tove Mette Arnø Fyllingen  
**Emne:** Interpellasjon kommunestyremøte 20.02.2»

Hei.

Vil komma med ein interpellasjon til møte førstkomande torsdag.

Håper er har levert på rett måte 😊

## Interpellasjon - Opningstider NAV Alver

Ordfører,

Alver FNB har fått fleire henvendelser frå fortvilte innbyggjarar som ikkje kjem i kontakt med NAV kontoret i Alver kommune. Det er åpningstider og tilgjengelighet i NAV-Alver denne interpellasjonen handler om.

NAV ( Ny arbeids-og velferdsforvaltning) er underlagt Arbeids-og sosialdepartementet og har ansvar for organisering og finansiering av arbeidsmarkedtiltak, trygdeytelser og sosialhjelp. Gjennom partnerskapene har kommune og stat felles ansvar for driften av NAV-kontoret og skal sikre samordna tjenestetilbud til brukarane. Velferdssystemet vårt skal sikre innbyggjarane økonomisk ved til dømes sjukdom, skade, lyte og økonomisk sosialhjelp. Mange av våre innbyggjarar får soleis inntekta si frå NAV og er avhengig å ha dialog med kontoret.

Men ordfører, tilgjengeligheten og åpningstida i NAV- Alver er skremmande dårleg. Vi er snart 30 000 innbyggjarar og 8 timer tilgjengelighet pr veke er fordelt slik; Måndag, tysdag, torsdag, fredag open [frå 10.00-12.00](#) og onsdag stengt, er etter vår mening slett ikkje tilfredsstillande.

FNB er sjølv sagt klar over at dialogen på nettet er meir tilgjengeleg. Men det betyr ikkje at ein nærmast kan stenge publikumskontakten, det må komme i tillegg. Ikkje alle er komfortable med skjemaveldet på nettet og «chat», men ynskjer heller dialog med ein saksbehandlar.

Ikkje berre den fysiske kontakten er begrensa. FNB er også kjent med at det også er krevande å oppnå telefonkontakt med NAV. I følgje NAV sjølv skal saksbehandlar kontakte den som ringte innan to dagar. I følgje innbyggjarar vert ikkje dette oppfylt.

FNB er tydeleg på at kritikken ikkje gjeld nokon spesiell saksbehandlar, men systemet og eigaren av NAV, nemleg stat og kommune.

FNB meiner Alver kommune har eit stort forbettringspotensiale mhp tilgjengelighet og vil derfor stilla ordfører følgjande spørsmål:

1. Synes ordførar at nemnde fysiske opningstider, dvs tilsaman 8 timar i veka er «godt nok» for innbyggjarane våre?
2. Kva er rutinene for tilgjengelighet og kommunikasjon i Alver NAV som sikrar at innbyggjarane tilgjengelighet?
3. Korleis vert innbyggjarar som treng krisehjelp (jfr Lov om sosiale tenester) utanom opningstidene ivaretatt?
4. Korleis går ein fram dersom ein treng å nå NAV utanom opningstidene ved andre henvendingar som ikkje gjeld krisehjelp?
5. Vil ordføraren ta initiativer til å gå i dialog med NAV om å forbetra tilgjengeligheten, her opningstider?

Framlegg til vedtak;

Alver kommunestyre ber om at ein går i dialog med Nav med det formål å betra fysisk tilgjenge for våre innbyggjar. Alver kommunestyre ber om tilbakemelding i neste kommunestyret.

Hilsen Maria Færø, Fnb Alver